

# ÅRSMELDINGAR FOR 1990

## JÆRMUSEET

### JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren Museumsråd hadde årsmøte 28. mars i Hå rådhus på Varhaug.

Rådsordførar Johan Vestvik ynskte rådsmedlemmer og møtedeltakarar vel møtt.

Ordførar Eldar Odland ynskte Jæren Museumsråd velkomne til Hå.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 21 inkludert 4 varafolk. Diverre var det fleire av rådsmedlemmene som uteblei utan å melda forfall slik at varafolk ikkje kunne innkallast. Det møtte 11 representantar frå lag og organisasjonar, 1 representant frå bedriftene og 1 personleg medlem.

Elles møtte fylkeskultursjef Roald Håland, ordførar i Hå Eldar Odland, miljøvernsjef Egil Tofte, valnemnda og personalet på museet – i alt 53 deltagarar.

Dei private medlemmene valde seg imellom 7 rådsmedlemmer for 1990:

Frå organisasjonar og bedrifter:

Sigve Bø, Randaberg bondelag  
Ole Gunnar Kverneland, Kverneland A/S  
Einar Lea, Underhaug A/S  
Bente Gilje, Stavanger bondekvinnelag

Frå personlege medlemmer:

Severin Bollestad  
Paul Kyllingstad  
Stein Sægrov

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1989, vedtok arbeidsprogram for 1990 og kontingent og budsjett for 1991.

Møtet valde formann, nestformann, rådsordførar, vararådsordførar og styremedlem m.varamedlem frå private medlemmer.

Miljøvernsjef Egil Tofte snakka om Jærmuseet og miljøvernet.

Roald G. Bergsaker, Sandnes, blei i 1990 vald til ordførar i Jæren Museumsråd. Lisabet Risa, Hå, har vore Rådet sin varaordførar.

Valnemnd har vore:

Egil Larsen, Randaberg (gjenval)  
Magnar Flesland, Hå, (ny)  
Stein Sægrov, priv. medlemmer (ny)

### STYRET

Styret har i 1990 hatt denne samansetjinga:

Nils Njå, Time, formann  
Hans Voll, Klepp, nestformann  
Roald G. Bergsaker, Sandnes  
Håvard Erga, Rogaland fylkeskommune  
Ragnhild Ormøy, Sola  
Tobias Skretting, Hå  
Torbjørn Tønnesen, Gjesdal  
Johan Vestvik, Randaberg  
Einar Lea, vald av private medlemmer

Varamedlemmer:

Helge Lande, Time  
Sverre Kvadsheim, Hå

Odd Fladen, Sandnes  
Hein Seldal, Rogaland fylkeskommune  
Kari Tengesdal Wold, Sola  
Ola Søyland, Gjesdal  
Egil Larsen, Randaberg  
Solfrid Guddal Søyland, Klepp  
Ole Gunnar Kverneland, private medlemmer

Styret har i meldingsåret hatt 5 styremøte og behandla 36 saker.

Dei viktigaste sakene har vore økonomi og planlegging av nytt museumsbygg.

Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval.

#### Nemnder oppnemnde av styret:

##### *Redaksjonsnemd for årbok:*

Tobias Skretting, Lisabet Risa, Målfrid Snørteland og Målfrid Grimstvedt.

##### *Samarbeidsgruppa 4H-Jærmuseet:*

Som museet sine representantar er oppnemnde:  
Sveinung Lode, Torbjørg Sægrov, Nils Njå, Målfrid Snørteland.

##### *Jury for arkitektkonkurranse:*

Museet sine representantar har vore Nils Njå, Tobias Skretting og Målfrid Snørteland.

##### *Økonominemnd for nybygg:*

Jone Vadla, formann, Nils Njå, Hans Voll, Roald G. Bergsaker, Sævar Haugland, Ole Gunnar Kverneland, Egil Larsen og Målfrid Snørteland.

## PERSONALET

Jærmuseet har i 1990 hatt desse tilsette:  
Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling Permisjon frå 23. april – 1. oktober  
Målfrid Grimstvedt, konservator, 1/1 stilling, konstituert styrar 23. april – 23. oktober.  
Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling  
Tobias Skretting, 1/3 stilling som museumskonsulent 15.03 – 15.11

##### Stillingar under «Arbeid for trygd»:

Anette Johnsen, kontorhjelp, til 30.06.  
Anne Gro Ingvartsen, kontorhjelp, 27.08 – 19.10.  
Barbro Nodland Vold, kontorhjelp frå 30.10.  
Ole Håland, vedlikehald Kviagarden, til 30.06.  
Jørgen Ueland, restaurering, 31.01. – 31.12.  
Trond Morten Vorland,  
vedlikehald Kviagarden, 18.07 – 15.10.  
Karen Salte, praksispllass, 21.02 – 09.03.


## KVIA-GARDEN

##### *Bygningane.*

Restaureringa av driftsbygningen er gjort ferdig dette året. Men ennå gjenstår innreiinga av fjoset. Restaureringa av det frittståande fjoset er og i hovudsak ferdig utvendig.

Heimehuset har fått ny kledning og nye vindauge på sørveggen.

Innvendig er den eine stova pappa på «gammal» vis ved hjelp av pensjonert malarmeister Anker Njærheim. Kammerset er pappa og malt og på kjøkenet er alle skap pussa og lakka. Museet er på jakt etter 1950-tals tapet som kan passa i stova. I den andre stova vil me førebels behalda den tapeten som er. Arbeida på Kvia er dels utførde av byggmeister Trond Nærland og dels ved hjelp av sysselsetjingsmidlar. I hagen har ein rydda og tynna i trær og buskar.



Tobias Skretting kører inn høyet på Kvia-garden, sommaren 1990.  
Foto: Jærmuseet.

Restaureringsarbeidet på Kvia har førebels kosta ca. 1,3 mill.

Tilskota kjem frå Norsk Kulturråd, Rogaland fylke, LUF, Norske 4H og landbruket sine økonomiske organisasjoner.

#### 4H-arbeidet.

Dei fem 4H-klubbane i Hå gjekk saman om eit dyrkingsfelt på Vestre Vodlen. Kvar klubb hadde ansvaret for eit grønsakslag. Dei hadde ein felles aktivitetsdag, ein sådag, kor det blei sett poteter, sådd bygg og forskjellige slag grønsaker. Ut over sommaren var det fleire aktivitetsdagar for dei enkelte klubbanane.

Kveka, duer, kålmakk og diverse anna utøy tok knekken på ein del av avlingane. Men kålrota kom nokolunde velberga gjennom sesongen med ei fortegneste på 2000 kroner. Best resultat blei det av potetene, og det blei levert 2,5 tonn til potetmjølsfabrikken.

Trass utøy og ugras - borna koste seg og innsikta i bondeyrket blei betydeleg forbetra gjennom sesongen.

#### Gardsdrifta.

Museet har ikkje hatt ressursar til publikumsretta tiltak.

Men Tobias Skretting har hatt 1/3 stilling som gardsstyrar i sommarhalvåret. Det blei sådd korn på storparten av arealet. Elles blei det slått noko høy og

sett opp hesjer. Høyet skal brukast under leikeutstillinga på Hå gamle prestegard våren 1991.

Jærmuseet skaffa seg i fjar ein liten buskap av vestlandsk raukolle. Fleire av dyra gjekk på beite på Kvia i sommar. Buskapen blei dessutan utvida med ein jersy-kalv og ein sau med to lam. Sau og lam blei selde att i haust. Dei øvrege dyra har vore i pensjon hos styreformann Nils Njå, gardbrukar Arne Fotland og på Øksnevad jordbrukskule. Dessutan hadde Torger Grude to kviger på beite i sommar.

Dei to eldste kyrne er nå slakta slik at pr. 31.12. hadde Jærmuseet i alt 5 dyr – tre kviger og to kalvar.

## ARKITEKTKONKURRANSEN

Alt i 1986 vedtok styret i Jærmuseet at det var ønskjeleg med ein arkitektkonkurranse om museumsbygget på Kvia. I første omgang prøvde ein å få til ein landsomfattande konkurranse, men dette forsøket stranda på manglende finansiering. Det gjekk og lang tid før kommunane løvvde nødvendige planleggingsmidlar. I mellomtida kom krakket i byggebransjen.

Stavanger Arkitekforening var då svært interessert i ein lokal arkitektkonkurranse som kunne gjennomførast med eit mindre budsjett enn det opphavlege forslaget. Med 100.000,- kroner frå SR-bank og 80.000,- kroner frå eigarkommunane blei dette muleg.


### Jury.

Arkitektkonkurransen om nybygg til Jærmuseet blei utlyst som ein lokal konkurranse i juli 1989. Frist for innlevering av utkast var sett til november same år. Jury for konkurransen har vore:


Nils Njå, Tobias Skretting og Målfrid Snørteland, Jærmuseet; siv. ark. Kjell Lund og siv. ark. Per Line oppnemde av Stavanger Arkitekforening. Siv. ark. Arne Lindeberg, fylkeskultursjefen, har vore sekretær for juryen, fil. dr. Inger Marie von der Lippe har vore museumsteknisk konsulent og Arnvid Lillehammer, AmS, har vore arkeologisk konsulent.

### Vurdering av arkitektkonkurransen.

Jærmuseet skulle ha eit moderne og funksjonelt museumsbygg som m.a. skulle gi rom for utstilling



Eitt av 1. premie utkasta i Jærmuseet sin arkitektkonkurranse: «Cumulus» frå arkitektane HWH, Stavanger.



Eitt av 1. premie utkasta i Jærmuseet sin arkitektkonkurranse:  
«*Navigare*» frå professor Einar Myklebust, Sandnes.

og magasinering av store landbruksmaskinar. Dette museumsbygget skulle plassert tett innåt eit av dei mest interessante fornminneområda i Skandinavia; i eit kulturlandskap som framleis bar preg av det gamle Jærlandskapet med steingardar kring innmarka og dei dyrka hagane, med urydda beitemark, myr og utmarksareal. Ein «lomme» av «det gamle Jæren», plassert midt i eit aktivt og ekspansivt jordbruksområde.

Dette var inga lett oppgåve. Det var nødvendig å få vurdert ulike forslag og løysingar. Ved å innby til ein arkitektkonkurranse håpa museet å få

- eit museumsbygg tilpassa landskap og eksisterande miljø
- ein funksjonell bygning som stetta museet sine behov
- ei best muleg plassering av bygningen og ei heilskapleg vurdering av museumsområdet.

Det kom inn heile 18 forslag. Juryen var godt fornøgd både med deltakartalet og nivået på konkurran-

seutkasta. Ein fekk vurdert og dokumentert ulike løysingar både m.o.t. plassering av bygget på museumsområdet, formspråk, materialbruk og romløysingar. Kvart utkast blei nøyde vurdert og m.a. analysert etter eit omfattanade sett av museumstekniske kriterier utarbeidd av fil. dr. Inger Marie von der Lippe.

Det var likevel vanskeleg å plukka ut eit klart vinnarprosjekt, og juryen tilrådde omkonkurranse mellom forfattarane av dei tre beste utkasta. På bakgrunn av røynslene etter første konkurranseomgang fekk ein då høve til å presisera både dei museumstekniske krava og krav til tomteval.

Juryen utpeika to vinnrarar, professor Einar Myklebust og arkitektfirmaet Helliesen, Wåge og Hallgren, og tilrådde ei samarbeidning av dei to prosjekta.

«Arkitektgruppen for Jærmuseet» kunne i september presentera skisseprosjektet for museumssstyret som vedtok å leggja dette til grunn for det vidare arbeidet med nybygget.



Her er juryen i arkitektkonkurransen samla. Fremst frå venstre: Tobias Skretting; Målfrid Snørteland, juryformann; Nils Njå. Bak frå venstre: Arne Lindeberg, sekretær; siv.ark. Per Line; Inger Marie von der Lippe, museumskonsulent og siv.ark. Kjell Lund.

Denne arkitektkonkurransen har vore ein omstendeleg, men i høgste grad nødvendig prosess. Det var viktig å få mange forskjellige forslag til både romløysingar, eksteriør og plassering på området for dermed å komma fram til det best mulige prosjektet. Ikkje minst for museet sine representantar var dette ein svært nyttig læreprosess som klargjorde kva slag museumsbygg ein ønska

seg og kva løysingar ein ikkje kunne akseptera.

Den grundige behandlinga av prosjektet har dessutan avverga at planane blir stoppa eller forsenka av NKKM's sikringskomite og landsdelskomite som er dei museumsfaglege organa som handsamar og vurderer alle nye museumsbygg. Desse komiteane har svært få merknader til prosjektet så langt.

## OPPFØLGJING AV BYGGEPROSJEKTET

«Arkitektgruppen for Jærmuseet» har planlagt eit bygg som kan realiserast i to, eventuelt tre, byggesteg.

I samsvar med museet sine prioriteringar vil første byggesteg innehalda magasin, studiemagasin, kontor og undervisningsrom. Andre byggesteg vil innehalda utstillingshallar og utvida magasindelen noko. Ein mekanisk verkstad er planlagt som frittståande bygg. Heile bygget har ei kostnadsramme på 25 mill., medan første byggesteg er kalkulert til 12 mill.

Det er som nemnt nedsett ein eigen økonomikomite med representantar frå styret, kommunane, bondeorganisasjonane og næringslivet.

Komiteen arbeider ut frå følgjande finansieringsplan for første byggesteg:

Norsk kulturråd	3 mill.
Rogaland fylkeskommune	3 mill.
Eigarkommunane	4 mill.
Private midlar og dugnad	<u>2 mill.</u>
Tilsaman	12 mill.

Dei fire millionane frå eigarkommunane er tenkt fordele etter folketal. I november og desember blei det gjennomført møter med ordførar, rådmann og kultursjef i alle kommunane. Samtlege kommunar har sagt dei vil stå ved forpliktelsane sine ovanfor Jærmuseet. Fleirtalet av kommunane meiner og dei kan stilla midlar i 1992 dersom dette blir nødvendig.

Det er søkt Norsk Kulturråd om midlar frå 1991, men her veit me at køane er lange. Fylkeskulturstyret krev kommunale tilsvartar før dei vil behandla saka.

## TILVEKST, SAMLINGAR, MAGASIN

På grunn av vanskelege lagerforhold og arbeidet med byggeplanane har museet nedprioritert innsamlings-

arbeidet dette året. Me lyt diverse takka nei til mange av tilbuda om gjenstandar, eller be gjevarane ta hand om tinga sjølve ei stund til. Det har likevel komme inn fleire verdfulle gåver til museet, og styret vil takka følgjande gjevarar:

Hans Voll, Klepp; Astrid Tjemsland, Kverneland; Bjarne V. Stangeland, Stavanger; John Aksel Granberg og Ola Haugseng, Sandnes; Stein Em. Simonsen, Sandnes; Sigve Romslo, Nærø; Ragnhild Oftedal, Oltedal v/Ryfylkemuseet; Johan Romslo, Nærø; Karen Høyen, Varhaug; Jens og Sigbjørn Motland, Nærø; Jåsund Vel, Sola; Ole H. Sørreime, Nærø; Kristian K. Kleppe, Klepp; Målfrid og Kåre Horpestad, Tu i Klepp; Kverneland a/s, Kverneland; Svein Inge Auestad, Kverneland; Sigve Erland, Bryne; Ole Magnar Undheim, Ogna; Petter Fjeld, Stavanger; Ludvig Lima, Gjesdal; Enevald Tunheim, Varhaug; Nils Njå, Time.

Ved hjelp av sysselsetjing har museet fått lagt inn ein stor del av biblioteket og arkivet på EDB. I samband med leikeutstillinga «Ta hys» er 1200 registreringar av leiketøy lagt inn på EDB. Museet saknar kvalifisert hjelp til klassifisering av bøker og anna materiale.

Lagerkapasiteten er ikkje blitt utvida dette året, og museet må difor vera svært nøye med kva for gjenstandar som blir tatt inn.

Mangelen på permanente magasin blir eit stadig større problem for Jærmuseet. At leigeavtalen på Hognestad er sagt opp frå 1.01.1992 illustrerer nok ein gong behovet for eigne, permanente lokale.

Museet har fått lov på å leiga den gamle halmluta på Refsnes av Nærø halmlutingslag, men her må det først gjerast ein del innvendige arbeid.

Dei därlege magasinforholda fører og til problem

med dei restaurerte gjenstandane. Utan forsvarlege magasintilhøve risikerer museet at mykje av dette restaureringsarbeidet blir forgjeves.

Somme av dei restaurerte traktorane har museet mellombels fått plassert i det gamle Kyllingstadbygget i Kleppe-krossen, men heller ikkje dette bygget er godt nok for oppbevaring av restaurert materiale.

Elles vil styret og nyttå høve til å takka Inge Haugland i Time som har stilt noko lagerplass til gratis disposisjon for museet.

## RESTAURERINGSARBEIDET

Handverkaren var dette året ferdig med å restaurera ein «Centaur Garden Tractor». Denne typen blei produsert av Central Tractor Co., Greenwich, Ohio i 1920-åra. Traktoren har midjestyring og minner om ei mindre utgåve av Molinen. Tillik med Moline mod. B er den førebels plassert hos Serigstad A/S.

Den neste utfordringa for Sverre Skjæveland er ein traktor Bolinder Munktell typ 2 frå 1939. Dette arbeidet er godt i gang og traktoren vil vonaleg bli ferdig til Jærdagen 1991.

Dette året har museet og hatt ein handverkar på «Arbeid for trygd» som for det meste har arbeidd med istandsetting av landbruksreiskapar. Storparten av desse gjenstandane er hestereiskap som skal brukast på Kviagarden.

Som verkstadrom har museet fått leiga ein del av Hå kommune sitt verkstadlokale i Pytten på Nærø. Dette fungerer greitt for mindre reiskapar. Men stadig fleire tilhaldstader gir sjølvsagt ein tungvint administrasjon.

Også i år vil me takka Kverneland A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisytingar i samband med restaurerinsarbeidet.

## UTOVERRETTA VERKSEMD

### *Utstillingar og tilskipingar.*

Sidan Jærmuseet ikkje har eigne utstillingslokale, har me lagt vekt på å visa igjen under forskjellige tilskipingar rundt om i regionen.

- 17.–28. januar: Arkitektkonkurransen
  - Utstilling av dei innkomne forslaga
- 11.–12. mai : Vårmarken i Randaberg
  - Moline traktor og video.
- 15.–16. juni: Nærbødagane
  - Massey-Harris traktoren
- 17. juni: Hå gamle prestegard
  - Arkitektforlag utstilt for Nordisk Museumsforbund
- 1.– 6. oktober: Øksnavad jordbrukskole
  - 6 traktorar, video, foto
- 5. oktober:
  - Demonstrasjon «Frå spade til vendeplog»
- 7. oktober: Sandnesmuseet, Austrått
  - Presentasjon av forprosjektet
- 4.–25. november: Arkitekturutstilling, Stavanger
  - Arkitektkonkurransen for Jærmuseet, alle forslag utstilte, saman med forprosjektet.

Dei som demonstrerte «Frå spade til vendeplog » på Øksnevad var Tobias Skretting, Hans Voll, Torger og Karl Grude, Martin Hole og Oddmund Hauge.

### *Møter, kåseri og foredrag.*

Målfrid Grimstvedt: Foredrag på Bunadmøtet i Noregs Ungdomslag, Sørmarka 26.mai; Tegl- og potterimuseet; Sandnes – lysbildekåseri 7. okt.; Innlegg på seminaret «Spredning av økologisk kunnskap gjennom museene», Elverum 16. nov.; Lysbildekåseri i Sola Lions 19. nov., på jekta «Matilde», Sandnes 26. nov. og Hå Historie- og Ættesogelag 27. nov.



Frå Randaberg-marken den 12. mai. Kulturkonsulent Egil Larsen orienterer interesserte både om bygdebøkene frå Randaberg og om Jærmuseet sin Moline mod. B traktor.

Foto: Jærmuseet.

#### *Publikasjonar oa.*

I desember 1989 gav Jærmuseet ut årbok for fyrste gong. Årboka fekk namnet «Sjå Jæren». Dette har vore eit vellukka tiltak. Boka har sold bra, og ho har skaffa oss ein del nye medlemmer.

Medrekna annonseinntekter og medlemspengar har den fyrste utgåva gått med overskot. Diverre har «Sjå Jæren» 1990 blitt forsenka og kjem ikkje ut før i mars

1991. Jærmuseet har denne gongen samarbeidd med arbeidsgruppa bak leikeutstillinga på Hå gamle prestegard, som opnar våren 1991, og artiklane handlar om leiketøy og leiketradisjonar i Rogaland.

Det er elles laga eit hefte som presenterer planane for nybygget. Heftet er på 16 sider og er trykt i 1500 eks. Det skal m.a. delast ut til alle kommunestyre-medlemmene i eigarkommunane.

NRK-Rogaland følgde Sverre Skjæveland sitt arbeid med restaureringa av Moline B traktoren. Det resulterte i eit 10 min. fjernsynsprogram som blei vist på riksnettet våren 1990. I januar laga Jærradioen ein times program om Jærmuseet og Kviagarden der Tobias Skretting og Målfrid Snørteland var med.

I juni var Målfrid Grimstvedt med i ei sending på NRK- lokalfjernsynet for å snakka om Jærmuseet. I september laga Dalane TV eit innslag om arkitektkonkurransen der både Nils Njå og Målfrid Grimstvedt var med.

## ARBEIDET I KOMMUNANE

### *Sandnes:*

Ein stor del av arbeidstida dette året har gått med til oppbygginga av potteri- og teglverksmuseet i Langgata i Sandnes som opna i juni 1990. Dette er ei permanent utstilling over Leirvareindustrien i Rogaland, med serleg vekt på Sandnes. Den er resultat av Sandnesmuseet sitt innsamlingsarbeid gjennom mange år. Jærmuseet har her hatt ansvar for innhald, tekstar, produksjon og montering av foto og tekst m.m.

### *Randaberg:*

I Randaberg opna Sjøbruksmuseet på Tungenes våren 1990. Jærmuseet hadde ansvaret for tema, utveljing av gjenstandar og foto og tekstar.

Utstillinga viser jærbonden si utnytting av sjø- og strandressursane og tar m.a. føre seg sildefisket på 1800-talet, heimefiske etter mort og krabbe, tarebrenning og andre strandressursar.

I samarbeid med Randaberg husflidslag er gamle «fiskjeklede» rekonstruerte. M.a. har dei rekonstruert ei såkalla «skinnhyra» som fiskarane nyttar før olje-hyra kom i bruk. Som modell for buksa fekk me låna ei gammal skinnbukse fra Karmsund folkemuseum,

medan trøyemodellen kom frå Rindal bygdemuseum. Modellar for dei øvre kleda fekk ein låna frå Hå bygdemuseum.

### *Hå:*

Jærmuseet er engasjert i samband med leiketøysutstillinga på Hå gamle prestegard som skal opna våren 1991. I løpet av våren blei det samla mykje bakgrunnsmateriale og i løpet av hausten blei forprosjektet utformet.

Bygdemuseet har elles fått hjelp av Jærmuseet til å leggja gjenstandskatalogen inn på EDB.

### *Sola:*

Jærmuseet er engasjert av kulturkontoret i samband med innsamlinga og registreringa av gamle foto i kommunen. 24. og 25. oktober var det innsamlingsaksjon i Dysjaland/Håland skolekrinsar. Jærmuseet laga ei fotoutstilling på kring 60 bilder som presenterte det som hittil er samla i Sola. Utstillinga stod i Sola kulturhus i oktober månad.

### *Gjesdal:*

Gjesdal Bygdemuseum har hatt ein person som registrerer gjenstandskatalogen på EDB under rettleiing av Jærmuseet.

### *Time*

Jærmuseet er engasjert som rådgjevar i arbeidet med å bygga opp utstillinga på Fotland kraftstasjon.

## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Budsjettet innanfor tilskotsordninga var i 1990 kr. 634.000.

Medrekna midlar og stillingar utanom tilskotsordninga låg det samla driftsbudsjettet på ca. 1,35 mill.

Investerings- og planleggingskostnader utgjorde ca. 750.000,-. Dette betyr at f.eks. at omlag halvparten av museet sine driftsmidlar må skaffast utanom tilskotsordninga.

Eit grovt oversyn over driftsinntektene viser følgjande forhold mellom dei ulike finansieringskjeldene:

Stat:	ca. 253.000,-	
(39 % av tilskotsordninga)	21,- %	
Fylke:	ca. 198.000,-	16,5 %
Eigarkommunane:	ca. 451.000,-	37,5 %
Eigeninntekter:	ca. 295.000,- *	25,- %

Refusjon av diverse trygdemidlar er haldne utanfor dette oversynet.

\* Inkludert i eigeninntektene er oppdragsmidlar, annonseinntekter, sal av årbok, sal av jordbruksprodukt, medlemspengar og renteinntekter utanom tilskotsordninga.

Dei siste åra har det vore «nullvekst» innanfor tilskotsordninga. Heller ikkje for 1991 er det lagt opp til nokon auke frå fylkeskommunen. For Jærmuseet inneber dette m.a. at me stadig får ein langt mindre del av dei fylkeskommunale og statlege midlane enn dei andre regionmusea - trass i at Jærmuseet dekker den meste folkerike regionen.

Dette vil først og fremst gå ut over publikumstilbuda på Kvía-garden. Med dei tronge budsjetttramme museet nå har er det ikkje muleg å få til permanente tilbud til skular og publikum slik tanken var.

Førebels slepp museet utgifter til kontorleige, noko som sjølv sagt er ein stor lette. Museet har i dag gratis kontorplass i det gamle kommunehuset på Nærø.

## MEDLEMMER

I samband med utgjevinga av årboka i 1989 blei det teikna ein del personlege medlemmer; 60 stk ved sist årsskiftet. Medlemsauken dette året har berre vore 23, noko me ikkje kan vera fornøgd med. Ved utgangen av 1990 var såleis 80 personar, 25 lag og organisasjonar og 10 bedrifter medlemmer i Jærmuseet.

## REPRENTASJON, SEMINAR, TILLITSVERV

Målfrid Grimstvedt deltok som førelesar på det nordiske seminaret «Spredning av økologisk kunnskap gjennom museene», Norsk Skogbruksmuseum, Elverum i tida 15.-18. september, med eit innlegg om Jærmuseet sine planar på Kvía og Audamotland.

Nils Njå og Målfrid Grimstvedt representerte Jærmuseet på landsmøtet til NKKM og «Museum 90» i Bergen 26.-30. september.

Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland deltok på det årlege museumsmøtet for Rogaland på Sola 15. og 16. oktober.

Nils Njå og Målfrid Snørteland deltok på møte mellom styreformenn og museumsstyrarar for musea i Rogaland på Stavanger Museum 26.januar.

Målfrid Snørteland er styremedlem i Norsk Icom og med i redaksjonen av Museumshandboka. Ho er med i museumsplannemnda for fylket. I 1990 var ho og oppnemd i ei museumsplannemnd for Karmøy kommune.

Målfrid Grimstvedt er medlem av Bunads- og Folkedraktsrådet, styremedlem/redaktør i VTM (Foreninga for vitskaplege tenestemenn ved musea) og sit i kulturminnevernplannemnd i Sandnes.